

# Håvar inn torsk i nord

*\* Fisk over alt. At torsken er lett tilgjengelig no om dagen, kan fiskarane på båten Ventura skrive under på. Her lossar dei dagens fangst ved Brødr. Karlsen AS på Husøya. Alle foto: Ronny Trælvik*

**HUSDØY:** Dei er tre glade Herøy-fiskarar på eventyr-fiske i nord.

Dei tre siste vintrane har Ventura av Rosnavåg fiska etter torsk utanfor Senja i Troms, med Husøya som hamn.

– Vi trivst godt her oppe, seier Steinar Thomassen, Stig

Ingebrigtsen og skipper Martin Leinebø.

Akkurat no opplever dei eit torskefiske som saknar side-stykke. Ikkje berre er det mykje av den. Den befnn seg også veldig nær land, faktisk heilt inne i fordane. Difor treng ikkje båtane gå langt til havs for å sette bruket sitt.



*\* Eit artig eventyr. Steinar Thomassen, Stig Ingebrigtsen og skipper Martin Leinebø, på fiskebåten Ventura av Rosnavåg, i munter passiar med husøyfiskar Tommy Larsen t.h.*

Og det har møringane ingenting i mot.

– Du veit, vi sparar jo mykje olje, då, smiler dei.

## Gøymjer litt kvote

Til Senja kom dei allereie før jul.

– Vi reknar med å ligge her ut januar månaden, seier skipper Leinebø.

*\* Glade fjes. Ingenting å seie på humøret til fu. Steinar Thomassen, Stig Ingebrigtsen og skipper Martin Leinebø om bord på Ventura.*

Etter det, blir det heimtur og seifiske, med innblanding av torsk – difor kan ikkje heile torskekrota takast opp i nord.

Lokale fiskarar seier at dei aldri har opplevd makan til fiske utanfor Senja så tidleg i januar. Det passar Ventura og mannskapet der heilt utmerka.

– Heime er det ikkje torsk i havet før i mars måned.

## Mykje fisk

Det er også mykje stor torsk å få på garnna no. Heile 30 prosent av fangstane inneheld torsk på over seks kilo.

Men sidan torsken som trekk inn mot land er full av sild, må bruket røktast to gongar om dagen, for at kvaliteten ikkje skal forringast.

Det er såleis ikkje uvanleg med drygt fire tonn torsk per sjøvær, altså åtte-ni tonn i døgnnet. Båtane ror tidleg om morgonen og ein gong til på ettermiddagen.

– Ja, her har vi det bra, konstaterer mannskapet på Ventura.

Ronny Trælvik